

# Volda kommune

## Reset

Oppdragsgivar	Volda kommune
Oppdrag	Reset
Rapport type	Reguleringsplan
Prosjektnr.	03073
Dato	08.03.2004

**Plan revidert etter offentlig ettersyn, 04.03.2005**

**Plan revidert etter 2.gong offentlig ettersyn, 26.05.2005**

**Endra etter vedtak i K-sak 0084/05 den 25.08.05**



**Volda kommune | Reguleringsplan Reset**  
**REGULERINGSPLAN FOR RESET**  
 Endra framlegg datert 15.08.2005

<b>Innhald:</b>		<u>side</u>
1	Forord	3
	<b>Grunnlag for planarbeidet</b>	
1.1	Overordna planar	3
1.2	Gjeldande planar som blir oppheva eller erstatta	3
1.3	Målsetting	3
	<b>Planområdet</b>	3
1.4	Lokalisering og avgrensing	3
	<b>Omtale av planen</b>	4
1.5	Areal	4
1.6	Byggeområde	4
	Skisenteret	5
	Helgatun	5
	Hytteområde	5
1.7	Jord- og skogbruksområde	5
1.8	Trafikkområde	5
	Tilkomstveg til Volda Skisenter	5
	Parkering	6
1.9	<b>Rekreasjonsområde</b>	6
	Skitrekk, alpinbakke og skiløyper	6
	Friområde skileik	6
	Friluftsområde	7
	Høgdebasseng	7
	Serviceareal-	
	Reguleringsføresegner	8-12

## Forord

På oppdrag frå Volda kommune har Nordplan AS utarbeidd eit framlegg til reguleringsplan for Reset. Planarbeidet har skjedd i samråd med administrasjonen i Volda kommune. Kontaktperson i kommunen har vore Per Heltne.

Reguleringsplanen er utarbeid av sivilarkitekt Grete Valen Blindheim og landskapsarkitekt Siv Karen Sundgot.

**Planframlegget har vore lagt ut til offentlig ettersyn etter vedtak i Det faste planutvalet i Volda kommune i sak 0021/04, den 19.04.2004.**

**Etter vedtak i DFP-sak 007/05 har planen vore lagt ut til 2.gong offentlig ettersyn.**

**Planbeskrivelse , plankart og føresegner vart endra ut frå merknader etter 1. og 2.gong offentlig ettersyn. Jf. endring datert 26.05.2005. Dette vart fremja for Planutvalet den 06.06.2005, sak 0027/05 og tilrådd til Kommunestyret.**

**Kommunestyret handsama saka i møte den 23.06.05 og utsette saka og bad administrasjonen vurdere endringar i plan som ivaretok både interessene til grunneigar på gnr. 22 bnr 6 og Volda Skisenter på ein betre måte.**

**Etter gjennomførte drøftingar er det i dette dokument skissert alternativ planløyning.**

## Grunnlag for planarbeidet

### 1.1 Overordna planar

Kommunedelplan for Reset, stadfesta 24.09.98.

Kommunestyret sak 0010/02, den 31.01.2002.

Kommunestyret sak 0065/05, den 23.06.2005.

### 1.2 Gjeldande planar som blir oppheva eller erstatta

Kommunedelplan for Reset

### 1.3 Målsetting med planarbeidet


Volda kommune ønskjer å få utarbeidd ein reguleringsplan som avklarar følgjande:

- Forholdet mellom dei ulike arealkategoriane innanfor LNF-områda i kommunedelplanen. Siktemålet er å sikre viktige friluftsiinteressar og skjerme viktige natur-/skogs-/landbruksinteressar.
- Avklare utstrekning og rammer for byggetiltak i byggeområda.
- Fastsette kryssingpunkt mellom tilkomstveg og tur-/langrensløyper.

## Planområdet

### 1.4 Lokalisering og avgrensning

Planen omfattar eit område kring Volda skisenter. Plangrensa følgjer mot vest om lag dagens avgrensning for Volda Skisenter. Mot sør følgjer plangrensa grensa mot gnr. 23 Fremmerlid og fylkesveg 045. Mot aust og nord følgjer plangrensa Ørsta grense.



## Omtale av planen

### 1.5 Areal

Planområdet har eit totalt areal på omlag 2678 dekar. Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsformåla slik tabellen under viser.

Reguleringsføremål	Plannemning	Areal, totalt
Fritidsbebyggelse/ hytter	H1 – H9	152.1 daa
Allmennyttig formål, forsamlingshus	A1 – A2	7,4 daa
Jord- og skogbruksbruksområde	J1 – J4	688.0daa
Offentleg parkering	P1	16.4 daa
Friområde, skitrekk/alpinanlegg	FrSA1	332,0 daa
Friområde skileik	FrL1	39,2 daa
Friområde skiløype	FrS1 – FrS12	660.0 daa
Friluftsområde	SpF1 – SpF9	775.0 daa
Kommunalteknisk anlegg	SpK1	0,1 daa

I tillegg kjem areal til offentlig køyreveg, privat veg og parkering, gang-/ sykkelveg og anna trafikkareal, totalt om lag 12 daa.

### 1.6 Byggeområde

#### 1.6.1 Hytteområde

I planområdet er det sett av eksisterande hytteområde på Kleppesetra, samt seks område for nybygging:

H1 – Område for konsentrert hyttebygging og caravan sør for parkeringsplassen

H2 – H3 Område for konsentrert hyttebygging aust for skitrekket

H5 – Område for hyttebygging sør for turløypa

H6 – Kleppesetra (etablert hytteområde)

H7 – H8 Område for spreidd hyttebygging aust for Kleppesetra og ovanfor tutløypa vest for Kleppesetra. (tilsv. LNF-B-området i kommuneplanen)



Området austover forbi og ovanfor varmestova er sett av til konsentrert hytteutbygging; felt H2 og H3.

Frå Kleppesetra, etablert hytteområde.

H9 Område for spreidd hyttebygging på bnr. 6 sin teig aust for alpinanlegg Volda Skisenter. (tilsvarende utbyggingsform som for området ved Kleppesetra, områda H5, H6, H7 og H8)

### Generelt

Fritidsbustader bør byggast i materialar i tråd med vestlandsk byggjeskikk, og det enkelte bygget skal vere tilpassa tomte det står på. Utvendig kledning bør vere tilnærma lik for hyttene. Det er eit mål å minimere inngrepa utanfor hyttebygningane.

### Eksisterande hytter - Kleppesetra

Område H6 er bygd ut med hytter. Det er ikkje sett av areal til ny hyttebygging, og det er ikkje lagt opp til endra bruk av området.

### Nye hytteområde

Område H1, H2 og H3 er tenkt som konsentrerte høgstandard hytteområde. Område H1 kan også nyttast som caravanområde. Krav om bebyggelseplan for områda H2 og H3 før utbygging.

Område H4 er planlagt bygd ut med meir spreidd hyttebygging med utnytting sett til om lag ei hytte pr. 3-5 da. Krav om detaljert utbyggingsplan før utbygging kan skje.

Område H5, H7, og H8 er planlagt bygd ut med spreidd hyttebygging med 2-3 hytter pr. grunneigedom, jf. formål spreidd utbygging i kommunedelplan. Her skal det ikkje førast fram veg til kvar hytte.

Område H9 er planlagt bygd ut med spreidd hyttebygging med 3-4 hytter pr. grunneigedom, jf. formål spreidd utbygging i kommunedelplan. Her skal det ikkje førast fram veg til kvar hytte.

Hytteområda kan få vasstilførsel frå det planlagde høgdebassenget nord for den nye nedfarten. Eventuelle behov for trykkforsterkning vil vere utbyggars sitt ansvar.

## 1.6.2 Skisenteret



Eksisterande bebyggelse.



Mindre bygg som dette er

regulert inn

i området for skitrekke

Det er sett av byggeområde for allmennyttig bebyggelse ved varmestova. Det er tatt høgde for utviding av bygningsmassen. Utforminga på nybygg eller tilbygg bør harmonere med eksisterande bygg i volum, materialbruk og fargar, men kan gjerne få eit meir moderne uttrykk.

Mindre bygg knytt til skitrekka vil gå inn i friområdet FrSA1.

## 1.6.3 Helgatun

Eigedomen der Helgatun står er sett av til byggeområde for allmennyttig bebyggelse. Helgatun eig også areal på nedsida av fylkesvegen, men dette arealet fell utanfor plangrensene. Utnyttingsgraden er sett slik at det er rom for mindre tilbygg, men ikkje for nybygg.

## 1.7 Jord- og skogbruksområde

Skogsområda sør for turløypa og hytteområda er sett av til jord- og skogbruksområde.

Det er tatt høgde for at veg 2, privat fellesveg/ skogsveg kan forlengast inn i jordbruksområdet vest for hyttefelta.

## 1.8 Trafikkområde

### 1.8.1 Tilkomstveg til Volda Skisenter

Tilkomstvegen til Volda Skisenter, veg 1, er regulert med slik den er godkjend bygd. Dette tilsvarar ei samla vegbreidde på 6 m inkl. skulder på kvar side, pluss møteplassar. I tillegg kjem sideareal/grøft på 1,5 m på kvar side. Der skiløypeområdet kryssar veg 1 (ved skistadion FrS12) kan det førast opp ei skibru. Det skal vere tilstrekkeleg fri høgde under brua; minst 4,5 m. Brua skal utformast slik at den passar inn i omgjevnadane. Fargesettinga skal vere avdempa.

Vegskråningar kan gå ut over avsett areal til vegformål, der skjering/fyllingshøgda gir slike skråningsutslag.

Inn mellom hytteområda H2 og H3 er det regulert ein offentleg køyreveg, veg 2, med breidde 4m køyrebane pluss tillegg av 1.5 m vegområde på kvar side.

### 1.8.2 Parkering

Ved skisenteret er det regulert inn ein offentleg parkeringsplass. Parkeringsplassen er utvida med om lag 2,5 daa austover i forhold til parkeringsarealet i kommuneplanen, noko som tilsvarar ei auke på om lag 90 plassar. Den regulerte parkeringsplassen er og foreslått utvida mot sør slik at den grensar inn mot avsett skileikområde. Plassen vert etter dette om lag 16 daa og er betydeleg større enn dagens parkeringsplass. Plassen skal saman med avsett privat p-areal, dekke parkeringsbehovet for Volda Skisenter, og for rekreasjon/utfart i området elles (turløype, lysløype med meir).

Arealet kan eventuelt og nyttast som parkering for hytteområda H5, H6, H7, H8 og H9, etter nærare avtale, dersom utbygging på desse områda ikkje kan vise til alternativ parkering på eigen/annan grunn.

Tilkomst til ein framtidig skogsbilveg vest for Skisenteret skal skje frå veg 1 over parkeringsplassen. Køyretraseen over parkeringsplassen er vist som ei senterlinje i reguleringsplanen, og den skal haldast open for gjennomkøyring.

## 1.9 Rekreasjonsområde

### 1.9.1 Skitrek, alpinbakke og skiløyper

Sjølv skitrekket, alpinbakken vest for trekket, og mellomliggende område med skog er skilt ut som eit eige reguleringsformål under friområde skiløyper; FrSA1.

Andre alpinløyper, turløyper, lysløyper og skistadion er regulerte som friområde skiløyper (FrS). Dei ulike underkategoriane er merka av på plankartet.

Ved opparbeiding og vedlikehald av trasear er det eit mål å bevare mest mogleg av den nautlege vegetasjonen på staden.

Traseen FrS5 og FrS6 kan byggast slik at dei kan nyttast til uttak av skog i sommarhalvåret dersom det er behov for det.



Bildet viser området kring trekket; FrSA1.



Bildet er tatt mot varmestova på skisenteret frå turløypa; FrS6.

### 1.9.2 Friområde skileik

Område avsett til skileik er merka FrL1 på plankartet.

Reguleringsframlegget har tatt utgangspunkt i skileikområdet som er fastsett i kommunedelplanen, med arealet er noko redusert. I vest går området vest for lysløypa ut, fordi terrenget heller ut av skiområdet. Vidare er delar av den etablerte parkeringsplassen, som i kommuneplanen er vist som skileikområde, tatt inn igjen som parkeringsplass. Hytteområda (H1 og H2) var i tidlegare planutkast utvida inn på skileikområdet. Denne utvidinga er no tekne ut av plan etter offentleg ettersyn og arealet er avgrensa mot parkeringsareal.

Innanfor skileikområdet ligg i dag ei etablert lysløype, som til dels deler skileikområdet. Lysløypa kan leggest om og integrerast i skileikområdet på ein slik måte at skileikområdet fungerer godt.

Det skal kunne etablerast mange ulike situasjonar/aktivitetar innanfor området, med stort spenn i vanskegrad. Aktuelle situasjonar/aktivitetar kan vere hoppbakkar, kuleløyper, akebakke. På flatere område kan det etablerast ei rundløype. Det skal leggest vekt på å skape tilbod som også funksjonshemma kan nytte seg av.

Ein ”rasteplass” vil vere eit fint tilskot til aktivitetsområda. Denne bør plasserast i dei meir solfylte delane av skileikområdet.



Området sør for parkeringsplassen er i kommuneplanen sett av til skileik og hytter.

### 1.9.3 Friluftsområde

Område regulert til Spesialområde - friluftsliv er merka SpF i planen. Det er høve til å ta ut skog frå friluftsområda der det er aktuelt, men det skal ikkje drivast snauhogst.

Det er forutsett at det kan etablerst lunneplass for tømmer innanfor SpF1. Plassering må avklarast med skogetaten.

### 1.9.4 Høgdebasseng

I området merka SpK1 på plankartet er det sett av plass for eit høgdebasseng for drikkevatn. Det er forutsett at bassenget blir etablert som eit lukka system.

### 1.9.5 Spesialområde – Serviceareal

(Vassbasseng/ev. framtidig parkering)

Området er avsett til mogeleg areal for vassbasseng knytt til kunstsnøanlegg ved Volda Skisenter. Området ligg godt til rette for etablering av basseng for snøproduksjon, då det ligg i området med naturleg vassføring frå avskjerande grøfter/bekkar i området, og med naturleg avløp til eksisterande bekkedrag.

Plassering, utforming og bruk må skje etter godkjent detaljplan utarbeidd i samråd med - og etter godkjenning av NVE.

Alternativ bruk av området som framtidig parkeringsareal for Skisenteret.

# FØRESEGNER

## REGULERINGSPLAN FOR RESET

Plan og føresegner datert 15.08.2005

### 1 GENERELT

1.1 Disse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.

1.1.1 Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret.

1.2 Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.

1.3 Området er regulert til følgjande formål:

#### **Byggeområde (pbl §25.1)**

- Fritidsbebyggelse/hytter
- Allmennyttig formål

#### **Landbruksområde**

- Jord- og skogbruksområde

#### **Offentlege trafikkområde (pbl §25.3)**

- Køyreveg
- Gang-/ sykkelveg
- Sideareal veg (grøft, skjering, fylling)
- Parkeringsplass

#### **Friområde (pbl.§25.4)**

- Offentleg friområde, skitrekk og alpinanlegg
- Offentleg friområde, skileik
- Offentleg friområde, skiløype

#### **Spesialområde (pbl §25.6)**

- Friluftsområde
- Privat veg
- Privat parkering
- Frisiktsone
- Kommunalteknisk anlegg
- Serviceareal- vassbasseng snøproduksjonsanlegg

## 2 BYGGEOMRÅDE

### 2.1 Fritidsbebyggelse - hytteområde

Område **H1-H9** er sett av til hytter.

Hyttene skal ha saltak med takvinkel på 33 – 40 grader, evt. kombinert med pulttak dersom det blir nytta terrengtilpassa, avtrappa bygningar. Bygningane skal ha møne i hyttene si lengderetning. Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 m.

Materialbruk skal vere bordkledning av tre og grunnmur av steinmateriale, evt. pålefundament. Hyttene skal beisast eller malast i jordfargar. Taktekkinga skal ha ein matt, avdempa og naturlik farge. Den enkelte hytta skal vere tilpassa tomta ho står på.

Område **H1, H2, og H3** er sett av til konsentrerte hytteutbygging der veg, vatn og kloakk kan bli ført fram til kvar hytte. Område **H1** kan også nyttast som caravanområde. Parkering skal skje innanfor hytteområda. Utnyttingsgraden for områda er sett til  $BYA=30\%$  av regulert byggeområde. Parkering skal skje innanfor hytteområda, eller på avsett areal i tilknytning til veg som er open for ferdsel også vinterstid.

Område **H4** er sett av til meir spreidd hytteutbygging der veg, vatn og kloakk kan bli ført fram til kvar hytte. Utnyttinga for områda er sett til 1 hytte pr. 3-5 da. Parkering skal skje innanfor hytteområda, eller på avsett areal i tilknytning til veg som er open for ferdsel også vinterstid.

Område **H5, H6, H7 H8 og H9** er sett av til spreidd hyttebygging, der **H5, H7 H8 og H9** er nye hytteområde, og **H6** er delvis ferdig utbygd. Ein bør i størst mogeleg grad ta vare på eksisterande vegetasjon. Fjerning av vegetasjon på hyttetomta skal stort sett avgrensast til hytta si grunnflate. Det er ikkje tillate å gjerde inn hyttetomta. I desse områda skal det ikkje førast fram veg til kvar hytte. Parkering skal skje på eigen grunn i tilknytning til veg som er open for ferdsel også vinterstid, eller på privat p-areal ved den den offentlege parkeringsplassen P1, eller på denne plassen etter avtale. Det kan førast vatn fram til hyttene frå høgdebassenget SpK1. Gråvatn er forutsett infiltrert i grunnen i områda **H5, H6, H7 og H8**.

I område **H9** er det føresett ført til offentleg avlaupsordning dersom vatn vert innlagt i hyttene.

I område **H1-H5, H7, H8 og H9** skal det ligge føre godkjend bebyggelsesplan for heile området før byggesøknadar blir behandla. Bebyggelsesplanen skal fastsette plassering, utforming og eventuelle utvidingsmoglegheiter for bebyggelsen, innanfor dei rammene som er gitt i reguleringsplanen.

For område **H5, H7 og H8** må talet på hytter vurderast i bebyggelsesplanen, med 2-3 hytter pr. grunneigedom som eit utgangspunkt. Maksimal storleik på kvar hytte må også fastsettast i bebyggelsesplanen.

For område **H9** skal talet på hytter vurderast i bebyggelsesplanen, med 3- 5 hytter som eit utgangspunkt. Maksimal storleik på kvar hytte må også fastsettast i bebyggelsesplanen.

For område **H5** ska det i bebyggelsesplanen også vurderast behovet for kryssingsområde /grøntkorridorar mellom hyttene, og plassering og breidde på desse.

Behovet for kommunaltekniske anlegg for hytteområda **H1-H4 og H9** skal avklarast i samband med arbeidet med bebyggelsesplanen for kvart felt, og nødvendig areal skal setjast av. Det er forutsett at vatn og avlaup blir ført fram til kvar hytte. Veg kan anten førast fram til felles parkeringsplass for fleire hytter i områda **H1 – H4**, eller

fram til kvar hytte. For Område H9 skal det tilordnast parkeringsareal på bnr. 6 sin teig i område H2 eller H3.

Område **H6** er i dag utbygd med hytter. Det er her ikkje sett av areal til ny hyttebygging, og det er ikkje lagt opp til endra bruk av området. Det er høve til føre opp tilbygg på eksisterande hytter, samt uthus, innanfor ei maksimal arealgrense på  $T\text{-}BRA=100\text{ m}^2$ , medrekna uthus. Gesimshøgda for hyttene må ikkje overstige 2,5 m (1 etasje).

## 2.2 Allmennyttig formål

Områda **A1-A2** er sett av til byggeområde for allmennyttig formål.

I område **A1** ligg det i dag bygningar knytt til skisenteret. Maks mønehøgde er sett til 9 m frå gjennomsnittleg terrengnivå. Maks gesimshøgde er sett til 6 m frå gjennomsnittleg terrengnivå. Utnyttingsgrad er sett til  $BYA=30\%$  av regulert tomteareal. Dette gir rom for utviding av bygningsmassen.

I område **A2** ligg bygningar knytt til institusjonen Helgatun. Utnyttingsgraden er sett til  $BYA=20\%$  av regulert tomteareal. Her er det er tatt høgde for mindre tilbygg, men ikkje for nybygg. Eventuelle tilbygg skal tilpassast eksisterande bygg i høgder, proporsjonar, materialbruk og farge.

## 3 LANDBRUKSOMRÅDE

### 3.1 Jord- og skogbruksområde

Områda merka **J1-J4** på plankartet er sett av til jord- og skogbruksformål.

I område J3 kan det dersom behovet er til stades etablerast ein skogsbilveg i forlenginga av veg 2.

Gamle bygningar eller bygningsrestar innanfor jord- og skogbruksområda bør i størst mogleg grad få ligge i sitt rette miljø. Også gamle steingjerde innanfor området bør takast vare på.

I området kan det etablerast traktorveg-tilkomstar som er naudsynt for jord/skogbruksdrift.

## 4 OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

### 4.1 Køyreveg

Areala er avsett til offentlege køyrevegar. Standard for vegane er påført plankartet.

### 4.2 Gang- og sykkelveg

Areala er avsett til offentleg gang- og sykkelveg. Standard er påført plankartet.

### 4.3 Sideareal veg/ annan veggrunn

Dette formålet omfattar areal som naturleg høyrer til vegane, som grøft, skjering, fylling. Slike areal skal jordslåast og tilstellast i samband med veganlegget. Der terrenget gjer at skråning/grøfteutslag vert større enn avsett vegformål, kan vegskråningar leggjast inn på tillgrensande areal etter godkjent vegplan.

### 4.4 Parkeringsplass

Område **P1** er avsett til offentleg parkeringsplass. Tilgrensande område med anna trafikkareal skal opparbeidast samtidig med parkeringsplassen.

## OFFENTLEGE FRIOMRÅDE

### 5.1 Offentleg friområde, skitrekk og alpinbakke

Området merka **FrSA1** på plankartet er sett av til friområde for skitrekk og alpinbakke. Området omfattar eksisterande skitrekk, alpinbakken vest for trekket, og mellomliggende område med skog.

Innanfor området kan det først opp eit nytt barneskitrekk, samt mindre bygningar knytt til drifta av trekka.

I området kan det etablerast anlegg og tiltak og gjennomførast terrengbearbeidingar som er ein naturleg del av bruken av området som skiområde/alpinanlegg, som:  
- skitrekk, lysanlegg, snøproduksjonsanlegg m.m.

Søraust i området kjem den nye nedfarten FrS5 og turløypa FrS6 inn i området. Turløypa må avgrensast frå nedfartsløypa mot påstigningsområdet ut frå tryggleiksomsyn.

Opparbeiding av trasear skal skje mest mogleg skånsamt, og på ein slik måte at ein unngår gjørmehol og siging av masse sommarstid. Mest mogleg av botnvegetasjonen bør takast vare på. Område der det ikkje er mogleg å ta vare på eksisterande vegetasjon skal såast eller plantast til.

Områda kan prepparerast med maskinelt utstyr.

### 5.2 Offentleg friområde, skileik

Områda for skileik er markerte **FrL1** på plankartet.

Området kan ryddast og opparbeidast i tråd med formålet. Opparbeidinga skal skje på ein mest mogleg skånsam måte, slik at omsynet til estetikk og landskap blir ivaretatt. Det skal leggest vekt på å ta vare på den naturlege botnvegetasjonen. Det kan likevel nyttast grusdekke på dei delane av anlegget som kan nyttast til offroad-sykling og liknande sommarstid, men grusinga skal avgrensast til inntil 2,5 m breie trasear. Grusing av større flater er ikkje tillatt.

Ved omarbeiding av den etablerte lysløypa innanfor området, skal ny løype integrerast i skileikområdet på ein slik måte at skileikområdet fungerer godt.

Gamle bygningar eller bygningsrestar innanfor skileikområdet bør i størst mogleg grad få ligge i sitt rette miljø. Også gamle steingjerde innanfor området bør takast vare på.

Opparbeiding av skileikområdet skal skje i tråd med plan godkjend av kommunen. Området skal kunne prepparerast med maskinelt utstyr.

### 5.3 Offentleg friområde, skiløype

Områda **FrS1 – FrS11** er sett av til friområde, skiløype. Reguleringsformålet omfattar både alpinløyper, turløyper, lysløyper og skistadion. Dei ulike underkategoriane er merka av på plankartet.

Opparbeiding av trasear skal skje mest mogleg skånsamt, og på ein slik måte at ein unngår gjørmehol og siging av masse sommarstid. Mest mogleg av botnvegetasjonen bør takast vare på. Område der det ikkje er mogleg å ta vare på eksisterande vegetasjon skal såast eller plantast til. Nedfartsløypa FrS5 og turløypa FrS6 kan opparbeidast slik at den kan fungere som traktorveg for uttak av skog sommarhalvåret.

Det er forutsett at løypene kan maskinprepparerast. Der terreng eller vegetasjon tilseier det, kan det gjerast mindre justeringer av traséen.

## 6 **SPECIALOMRÅDE**

### 6.1 **Friluftsområde**

Område regulert til Spesialområde - friluftsliv er merka **SpF** i planen.

Det er høve til å ta ut skog frå friluftsområda, men det skal ikkje drivast snauhogst. Skogsdrift i området skal skje i samråd med kommunen. Innanfor område **SpF1** kan det etablerast lunneplass for tømmer samt enkle traktorvegar i samråd med skogetaten i kommunen.

I friluftsområda vert det ikkje lov å sette i verk tiltak til ulempe for fri ferdsel. Det er ikkje lovleg å føre opp bygg eller anlegg i områda.

### 6.2 **Privat veg**

I planen er det regulert ein privat veg som skal gi tilkomst til hytteområda H2, H3 og H4, samt til ev. parkeringsareal for hytter i H9. Standard er påført plankartet. Der terrenget tilseier det kan ein legge vegskråning inn på hytteområdet.

### 6.3 **Kommunalteknisk anlegg**

I planen det er sett av eit område for kommunalteknisk anlegg merka **SpK1** på plankartet. Innanfor området kan det etablerast eit lukka høgdebasseng for drikkevatt.

### 6.4 **Spesialområde – Serviceareal**

(Vassbasseng/ev. framtidig parkering)

Området er avsett til mogeleg areal for vassbasseng knytt til kunstsnoanlegg ved Volda Skisenter.

Plassering, utforming og bruk må skje etter godkjent detaljplan utarbeidd i samråd med - og etter godkjenning av NVE.

Alternativ bruk av området som framtidig parkeringsareal for Skisenteret.

### 6.5 **Frisiktzone**

I området mellom frisiktline og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgde på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

### 6.6 **Privat-felles parkering**

På område er avsett areal til privat p-areal for hytter i H6-område i samsvar med eksisterande eigedomsgrenser

00000000000000000000000000000000